



Skuleklasse saman med lærar Thunold.

**Vi har fått tips om at eit gammalt stereoskopisk fotografi med motiv frå Uskedalen no ligg ute for salg på Ebay. Motivet er også å finna i fotosamlinga til Kvinnherad kommune, men sidan dette er originalen, kan det ha interesse for samlarar.**

Biletet, som de ser over, er frå juli 1889, og viser ein skuleklasse frå Uskedalen skule fotografert saman med lærar Thunold. På facebookside **Gamle bilder og historier fra Kvinnherad** har fleire kommentert fotografiet.

I bakgrunnen ser vi Beinavikjo, og båten som ligg ved kaien heitte Hardangeren, og den var frå 1869.

Originalen av fotografiet er altså til salgs på Ebay, og prisen er sett til 99 US\$. Det tilsvarar om lag 760 norske kroner med dagens kurs.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Martin Morrisson.

#### Ytterligere info

Som gitt i bilete, er dette tatt 30. juli 1889. Dette er eit stereoskopisk bilete. Med eit kikert liknande apparat, kan du betrakta bilete i 3D. Meir om teknikken kan lesast på [Wikipedia](#)

Meir info om bilete kan lesast her: [Lokalsamlinga](#) og er henta frå biletsamlinga til Uskedal Ungdomslag.

Som ein kan sjå er 3D altså ikkje noko nymotens greier.

Tekst: H.O.Østebø